


Næringsanalyse Gloppen kommune


Oppdatert versjon 2021 (første versjon 2019)



O







Folketalsutviklinga er positiv. Andelen eldre vil auke mot 2040

Folketalet i Gloppen har auka med over 200 personar dei siste 10 åra



Samanlikna med andre kommunar på Vestlandet


Innflytting: Gloppen kom betre ut av koronaåret enn mange andre kommunar

		Gloppen	Sunnfjord	Bergen	Oslo	Heile landet
	Snittalder, 2020	43	39	39	38	40
	Netto innvandring 2019	63	51	1526	6112	25 300
	Netto innanlands innflytting, 2020	2	-81	-15	-2758	--
	Arbeidsforhold privat* vs offentlig sektor, 2018	P 69% O 31%	57% 43%	69 % 31 %	75% 25 %	68% 32%
	Antall sysselsette per. 100 innbyggjarar, 15-74 år (2019)	71	74	68	69	67
	Andel med høgare utdanning 2018	32%	33%	42 %	51 %	34 %



Samanlikna med Nordfjord-kommunane

Gloppen har høgast utdanningsnivå i Nordfjord



Folketalsframskriving 2018 - 2040 syner ei total auke i folketal på 6,5 %

Born og unge:



0-24 år: - 2,1 %

Vaksne:



25-34 år: 14,9 %

35-44 år: - 10,7 %

45-69 år: 1,5 %

Pensjonistar:



70-79 år: 28,4 %

80 år eller eldre: -5,3 %

Utvikling 2015-2020

Prognose 2018 - 2040

0-24 år: + 1,3%

25-34 år: - 6,2 %

35-44 år: + 9,3 %

45-69 år: - 3,8 %

70-79 år: + 24,4 %

80 år eller eldre: + 75,7 %

1

Flott utvikling i næringslivet sidan forrige analyse



Analysen på dei neste sidene baserer seg på rekneskap sendt til Brønnøysundregisteret

Sidan analysen baserer seg på rekneskapsregisteret dekker ikkje analysen all næringsaktivitet i Gloppen kommune. Analysen er no oppdatert med 2020 tall. Merk: Ikkje alle selskap har levert rekneskap. Desse selskapa er teke heilt ut av analysen også for åra 2016 til 2019 slik at ein kan samanlikne mellom år.


Kva er med i analysen

- Alle selskap med hovedkontor i Gloppen som har sendt inn rekneskap til Brønnøysundregisteret.

Kva er **ikkje** med i analysen

- Alle selskap som ikkje har hovudkontor i Gloppen, til dømes
 - TINE meieriet
 - COOP
 - Felleskjøpet
 - Enkelte kjedebutikkar som t.d. Vinmonopolet
- Alle enkeltmannsforetak som ikkje er pliktige til å sende inn rekneskap, til dømes
 - Bønder
 - Handverkarar

Verdiskaping alle verksemder med hovedkontor i Gloppen -> nedgang i 2020



I perioden 2016 til 2020:


5 % vekst i omsetning

15 % vekst i verdiskaping

Grafen viser samla omsetning og verdiskaping for alle verksemder med hovedkontor i Gloppen.

Verdiskaping er definert som omsetning - varekj p.


Lønsemda alle verksemder med hovedkontor i Gloppen -> nedgang i driftsresultat



I perioden 2016 til 2020:

-20 % nedgang i
driftsresultat

Verdiskaping alle verksemder eksl kraft med hovedkontor i Gloppen -> Gjekk betre i bransje utanom kraft



I perioden 2016 til 2020:


47 % vekst i omsetning

48 % vekst i verdiskaping

Grafen viser samla omsetning og verdiskaping for alle verksemder med hovedkontor i Gloppen.

Verdiskaping er definert som omsetning - varekj p.

Lønsemnda alle verksemder eksl kraft med hovedkontor i Gloppen -> god vekst i driftsresultat sidan førre analyse



I perioden 2016 til 2020:


71 % auke i driftsresultat

Kraftbransjen har hatt eit spesielt 2020 på grunn av låge straumprisar. I 2021 er situasjonen snudd og resultatata vil bli betre.

I utvalet er SFE inne i dei store bedriftene. I SMB segmentet er det med 19 verksemder som driv produksjon av av vasskraft.

SIDAN 2020 VAR SPESIELT FOR KRAFTBRANSJEN ER DEI EKSLUDERT I RESTEN AV ANALYSEN

Verdiskaping 10 største verksemdar eksl kraft med hovedkontor i Gloppen -> auke i 2020




I perioden 2016 til 2020:

48 % vekst i omsetning

51 % vekst i verdiskaping


Lønsemnda 10 største verksemder eksl kraft med hovedkontor i Gloppen -> auke i 2020



I perioden 2016 til 2020:

67 % auke i driftsresultat

Verdiskaping SMB verksemder eksl kraft med hovedkontor i Gloppen -> lite endring i 2020



I perioden 2016 til 2020:


43 % vekst i omsetning

41 % vekst i verdiskaping

SMB er alle aksjeselskap som ikkje er dei 10 største:

- **Omlag 240 av desse har aktivitet (inntekter) + 19 kraftselskap som ikkje er med i talgrunlaget**

Lønsemda SMB verksemder eksl kraft med hovedkontor i Gloppen -> stor auke i 2020



I perioden 2016 til 2020:

80 % auke i driftsresultat

SMB er alle aksjeselskap som ikkje er dei 10 største:

- **Omlag 240 av desse har aktivitet (inntekter) + 19 kraftselskap som ikkje er med i talgrunlaget**

Endringar i 2020

1. Kraftbransjen hadde eit vanskeleg år på grunn av låge straumprisar.

I 2021 har situasjonen endra seg og alt tyder på at kraftbransjen vil få eit godt år i 2021, sjølv om enkelte kraftprodusentar har hatt låg produksjon.

1. Øvrige store verksemdar hadde i 2020 auka omsetning i høve 2019.
2. SMB bedriftene hadde same aktivitetsnivået som året før, men betra lønsemda vesentleg.

I 2020 rekneskapane kan vi ikkje spore store endringar grunna Covid-19.



Kva fortel analysen

Konklusjonane frå førre analyse står seg framleis:

1. Gloppen kommune har nokre viktige lokomotiv
 - Dei 10 største verksemdene står for over 60 % av verdiskapinga og har hatt vekst dei siste åra
2. Gründarar gjort stor suksess med utgangspunkt i Gloppen
 - Bano og Melin, men også mindre verksemder som til dømes Hjelpemiddelpartner, “fotoverksemdene” på Reed, lokalmatprodusentar og reiselivsaktørar
 - “Suksess avler suksess” - viktig å støtte opp under desse verksemdene
3. Viktige næringsaktørar i Gloppen er langt framme på bærekraft
 - Til dømes SFE og Brødrene Aa
4. Dei fleste sysselsette arbeider i SMB-segmentet. SMB-bedriftene er samla i vekst, har auka driftsmargin og er solide.



2

Gloppen har ei svært sterk og variert landbruksnæring som er i positiv utvikling



Fakta om landbruk i Gloppen

TINE Meieriet Byrkjelo:

- 160 tilsette
- Mottak av mjølk årleg om lag 130 mill. liter.
- 60% av all brunostproduksjon i TINE, 5500 tonn.
- 40% av Norvegia-osten i TINE, 12.000 tonn.
- Samla verdi på produkt (ost) i butikk omlag 1700 millionar kroner.

Melkeproduksjon i Gloppen:

- Kumjølk - mjølkeleveranse 14.6 mill liter.
- Tredje største mjølkekommunen i Vestland
- 74 hentepunkt (100 aktive bønder inkl. samdrifter)
- Omlag 70% av mjølka kjem frå lausdriftsfjøs.
- Geitmjølk - mjølkeleveranse 515.000 liter
- 7 produsentar

* Kjelde: TINE Meieriet Byrkjelo



Bilete: TINE

Gloppen er
ein stor mat-
produsent

	Gloppen	Vestland	Andel
Eple kg	170 000	4 700 000	3,6 %
Plomme kg	50 000	1 500 000	3,3 %
Jordbær kg	95 000	256 000	37,1 %
Bringingbær kg	101 000	1 324 000	7,6 %
Slakt kg	1 074 000	16 505 000	6,5 %
Mjølk liter	14 742 000	180 075 000	8,2 %
Befolkning	5 885	630 000	0,9 %

Kjelde: Statsforvaltaren sin statistikkbank (2019-tal)

Utviklingstrekk i landbruket

Få næringer har gått gjennom like stor utvikling som landbruk:

- Produksjonen er opprettholdt dei siste 10 åra for viktige produkt som til dømes mjølk
- Sysselsettinga i tradisjonelt landbruk har samstundes gått ned
- Stadig fleire aktørar har suksess med nisjeproduksjon
- Stadig fleire aktørar kombinerer reiseliv og gardsdrift

Framtida:

Moglegheiter:

- Nisjeproduksjon
- Kombinere gardsdrift med reiseliv
- Effektivisering og teknologi
- Klynger

Utfordringar:

- Rekruttering
- Rammevilkår
- Investeringar og kapitalbehov
- Klimatilpassing




3

Gloppen med gode
føresetnadar for å
lukkast i viktige
framtidsnæringar



Gloppen finn sin plass i ny næringsstrategi for Vestlandet

- Ny næringsstrategi for Vestlandet – i regi av Vestlandsrådet
- Denne peikar spesielt på næringar der Vestlandet har klare komparative fortrinn, og som representerer vekstpotensial og/eller er spesielt viktige for bu- og besøksattraktiviteten i regionen.
- Gloppen har eit næringsliv som treff både havroms- /kyst- og innlandsnæringane



Fleire globale megatrender treff også Gloppen, og må ligge til grunn for vidare utvikling av næringslivet

Globalisering 2.0 og digitalisering	Rask teknologi-utvikling	Hurtige klima- endringar
Urbanisering og sentralisering	Demografisk endring	Overforbruk av natur-ressursar og behov for sirkulære modellar
Fokus på helse, særlig i lys av Covid-19	Økonomiske maktskifte	Uforutsette hendingar

Konsekvens for næringslivet på Vestlandet:

- må agere raskt nok på teknologisk endring og omstilling til lavutsleppssamfunnet
- tilpasning av arbeidsliv, utdanningstilbod og busetting til demografiske endringar
- nye sirkulære forretningsmodellar må utviklast
- auka fokus på helse gir nye forretningsmoglegheiter (mat, teknologi, nye verdikjedar)
- må tilpassast framtidig konkurransesituasjon
- må bygge robustheit for uforutsette hendingar og svingingar i økonomien






Kva betyr dette for Gloppen?

Globalisering 2.0 og digitalisering	Rask teknologi-utvikling	Hurtige klima- endringar
Urbanisering og sentralisering	Demografisk endring	Overforbruk av natur-ressursar og behov for sirkulære modellar
Fokus på helse, særlig i lys av Covid-19	Økonomiske maktskifte	Uforutsette hendingar

- Næringslivet må finne sin plass og sine tiltak i møte med auka krav og forventningar til bærekraft – men her ligg også store moglegheiter.
- Gloppen har næringsliv som allereie utmerkar seg innan bærekraft på nasjonale og internasjonale arenaer, m.a.:
 - Br. Aa – energieffektive båtar
 - Strukturplast/NCMT – bærekraftige materialløysingar
 - SFE og småkraft – fornybar energi
 - Landbruk og lokalmat – lokalmat, dyrehelse

Kva betyr dette for Gloppen?

Globalisering 2.0 og digitalisering	Rask teknologi-utvikling	Hurtige klima- endringar
Urbanisering og sentralisering	Demografisk endring	Overforbruk av natur-ressursar og behov for sirkulære modellar
Fokus på helse, særlig i lys av Covid-19	Økonomiske maktskifte	Uforutsette hendingar

- Skal ein stå i mot aukande urbaniseringa og sikre rekruttering av unge til kommunen, så må ein sjå bu-, besøks- og næringsattraktivitet i samanheng
- Covid19 har sett fart på den digitale samhandlinga – dette kan Gloppen utnytte ifm tilflytting, workation m.m.
- Men det vil kreve:
 -  God infrastruktur (fiber, flyplass, veg)
 -  Gode kultur- og fritidstilbud
 -  Barnehage, skule
 -  Bustadar, tomter, overnattingstilbod
 -  Kontorfellesskap, attraktive ledige næringslokale

Kva betyr dette for Gloppen?

Globalisering 2.0 og digitalisering	Rask teknologi-utvikling	Hurtige klima- endringar
Urbanisering og sentralisering	Demografisk endring	Overforbruk av natur-ressursar og behov for sirkulære modellar
Fokus på helse, særlig i lys av Covid-19	Økonomiske maktskifte	Uforutsette hendingar

- Helse er ein stor og veksande marknad – både grunna meir fokus på helse kombinert med ein aldrande befolkning
- Gloppen har veksande tal helserelevante verksemdar og miljø, m.a.:
 - Convener, Patientsky/Codee Holding
 - Hjelpemiddelpartner
 - Firda Fysikalsk-medisinsk senter
 - Toppidrettssenter
 - Spenst
 - Firda VGS (idrettslinje, helsefag)

Gloppen – ein attraktiv kommune med stort nærings- potensial

